



JONDAL KOMMUNE

Undervisning kultur og oppvekst

5629 JONDAL

Tlf : 536 69 500

Fax :

Dato: 28.06.02

Kulturminneavdelingen
Miljøverndepartementet

0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref. 2002002380

Arkiv: 256

HØYRING NOU RAPPORT - FORTID FORMER FRAMTID

Viser til NOU rapport 2002:1 som er ute på høyring.

Vedlagt ligg samla uttale frå Hardanger Kulturråd og Jondal kommune.

Med helsing

Ann Kristin Eide
Kulturkonsulent

SAKSPAPIR

SAKSGANG			
Utval	Møtedato	Saksnr. i utval	Saksbeh.
Formannskapet	27.06.02	070/02	AKE

Saksansv.: Ann Kristin Eide	Arkiv: 256	Arkivsak Nr. 2002000534
-----------------------------	------------	----------------------------

HØYRING NOU RAPPORT - FORTID FORMER FRAMTID

Dokument i saka:

Dok.nr.	T	Dok.dato	Namn	Tittel
1	I	02.06.02	Kulturminneavdelingen	HØYRINGSRAPPORT NOU 2002:1 FORTID FORMER FRAMTID

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kulturminneloven: Lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner, med endringer senest 3.mars 2000 nr. 14.

Saksopplysningar:

Stortinget sette våren 1999 ned eit offentleg utval, kulturminneutvalet, som skulle utreda ein ny kulturminnepolitikk. Bakgrunnen for utredninga var at stortingsfleirtalet la til grunn at dagens kulturminnepolitikk ikkje er tilstrekkeleg for å sikra vår felles kulturarv i framtida.

NOU rapporten 2002:1 Fortid former framtid, Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk er ute på høyring fram til 28. juni –02.

Rapporten er omfattande og tek for seg vesentlege endringar på fleire område innan kulturminne og kulturmiljø. Rapporten er også eit ledd i ein ny struktur på ansvar og mynde i høve forvaltning av kulturminne, der meir ansvar og makt vert lagt ned på kommunenivå. Organsieringa av kulturminneforvaltninga (såkalt kommuneprosjektet) vert sett i samanheng med denne NOU-rapporten, sjølv om denne saka berre berører deler av denne rapporten.

Det er sett ned 5 mål basert på visjonen **Kulturminner og kulturmiljøer – kjelde til oppleving, kunnskap og verdiskaping:**

□ Historisk og kulturelt mangfald

Offentlege instansar må bevisst prioritere kva det skal satsast på! Heilskaplege perspektiv og tema må liggja til grunn for ei slik prioritering, og ein må vedkjenna at ikkje alle kulturminner er like verdifulle. Klare og ventelege prinsipper, mål og metodar må liggja til grunn for prioriteringane. Mangfaldet i kulturarven sikrast gjennom bruk av kulturminner og kulturmiljø som grunnlag for næringsutvikling.

- ❑ **Samvirket mellom menneske og kulturminner skaper verdier, kunnskap og oppleving.**

Det må leggjast vekt på formidling, tilgjenge, lokal forankring i alle prosesser. Kulturminne må bety noko for folk. Historie må formidlast og forståast. Lokal forankring kan sikrast ved å gje kommunane større innverknad på eigne kulturminner og tiltak. Det må leggjast vekt på eigar og brukar sin interesse. Musea må nyttast meir aktivt som kunnskapsressurs, møteplass og formidlingsarena. Det må satsast meir på utdanning og kompetanse innen handverk og konservering. Samfunnet må bevisstgjera dei opplevingar og kunnskap kulturminner representerer. Næringsverksemd og økonomisk verdiskaping må vera ein del av grunnlaget for ein ny kulturminnepolitikk.

- ❑ **Samanheng mellom natur og kulturminner stimulerer til bærekraftig ressursforvaltning.**

Integrere kulturminne i miljøarbeid og hente ut kunnskap om eldre tider.

- ❑ **Likeverd i samspillet mellom offentlege og private aktører.**

Sikring av kulturminna avheng av at private aktører er interessert i og sluttar opp om kulturminnearbeid. Det må gjennomførast lovendringar og organisatoriske endringar som legg til rette for ein tilpassing mellom føremål for vern og eigar/brukar si interesse og behov for vidareføring og utvikling av næringsverksemd.

- ❑ **Økonomiske rammer står i høve til oppgåvene.**

Kulturminne må forvaltast som ein viktig del av nasjonalformuen. For å sikra dette, må staten ha eit overordna ansvar og bruke økonomiske verkemiddel aktivt. Det er i dag eit stort behov for midlar til vedlikehald, drift og tilrettelegging av kulturminner og miljøer. For å nå mål i ein ny kulturminnepolitikk er det avgjerande med auka økonomisk satsing og ein rettviss fordeling av kostnader ved fredning og vern!!

Vidare er det prioritert 17 satsingsområde og nokre av strategiane er:

- ❑ *Ny kulturminnelov med sikte på forenkling og tilpassing til dagens behov.*
- ❑ *Betre samarbeid og større likeverd mellom aktørar.*
- ❑ *Tydeleggjera behovet for ivaretaking og tilføre ressurser slik at intensjonen bak fredning kan fylgjast opp, gjera prioriterte kulturminne tilgjengelege og slik skaffe inntekter, verne gjennom bruk.*
- ❑ *Betre dispensasjonspolitikk som er meir tydleg og forutsigbar.*
- ❑ *Differensiert fredningspolitikk som gjev høve til individuelle og geografiske omsyn.*
- ❑ *Vurdere fredning av kulturmiljø som verkemiddel og som ramme for å verne eit område.*
- ❑ *Betre vern og formidling av kulturminne frå den nære fortid gjennom å sikre verdifulle spor og sider ved samfunnet dei siste 150 år gjennom fredning.*

Nokre stikkord frå utredninga sin tiltaksdel:

- ❑ *Lokalt initiativ og einskildprosjekt må få midlar i det framtidige arbeidet med LA-21.*
- ❑ *Staten skal dekkja alle meirkostnader eigarane får grunna krav som gjer arbeidet med å vedlikehalda og istandsetja vedtaksfreda og automatisk freda bygg og anlegg, dyrare.*
- ❑ *Staten må i større grad tilretteleggja for at frivillige kan ha ein aktiv rolle i kulturminnevernet.*
- ❑ *Det må etablerast gode og hensiktsmessige arenaer, arbeidsformer og samarbeidsprosjekt mellom frivillige organisasjonar og offentleg kulturminneforvaltning.*
- ❑ *Det må utviklast klare kriteriar for prioritering av kva kulturminner som skal bevarast og kriteria må kunngjerast og takast i bruk så raskt som mogleg.*
- ❑ *Tilskotsramme for istandsetjing og vedlikehald av freda kulturminne må aukast.*

- *Det må øyremerkast statlege midlar til kommunane til tiltak innan bevaringsregulerte område.*
- *Det må opprettast eit kulturminnefond som supplement til statlege tilskot.*
- *Det vert gjeve fritak for m.v.a. ved bruk av materialer og handverkstenester på freda og bevaringsregulerte bustader, eigedomer og bygg som ikkje er i bruk.*
- *Det vert tilrettelagt for å overføre ein del oppgåver på kulturminneområdet til kommunane.*

Fredag 31. mai var det ein konferanse i tilknytning til høyringa i Tyssedal, der fagleg spesialrådgjevar Tonte Hegard frå miljøverndepartementet var til stades for å orientera om rapporten og høyringa og for å få tilbakemeldingar på problem og utfordringar innan kulturminnevern. På vegne av Jondal kommune og Herand bygdelag var eg bede om å halda eit innlegg om korleis ein kan ivareta eit freda kulturminne som oppgangssaga og kva for problem og utfordringar ein møter i ei heilt konkret sak.

Tysdag 11. juni var Hardanger Kulturråd (dei sju Hardangerkommunane sine kulturansvarlege) og institusjonane Hardanger folkemuseum, Hardanger Fartøyvernssenter og Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM) samla for å produsere ein felles uttale for Hardanger.

Det er viktig for å leggja tyngde bak uttalen og gje ein samla og sterk tilbakemelding til miljøverndepartementet. I tillegg vil kvar einskild kommune og institusjon tilføye eigne konkretiseringar og vurderingar.

I den fylgjande vurderinga i saka ligg den samla uttalen frå ovannemnde institusjonar og Hardanger Kulturråd, i tillegg til einskilte konkretiseringar og synspunkt som gjeld Jondal kommune. Alt i rammer ”....”, er fellesuttale.

Vurdering:

”Hardanger Kulturråd er oppretta under Hardangerrådet og er eit samarbeidsorgan mellom dei kulturansvarlege i Hardangerkommunane Eidfjord, Ullensvang, Odda, Jondal, Kvam, Ulvik og Granvin.

Hardanger Kulturråd har i samarbeid med Norsk Vasskraft- og industristadmuseum, Hardanger folkemuseum og Hardanger fartøyvernssenter utarbeidd fylgjande uttale til NOU 2002:1:

Det er svært positivt at det vert teke initiativ til ei brei og grundig gjennomgang av kulturminnepolitikken i landet med sikte på å utvikla ein ny kulturminnepolitikk. Dagens ordningar viser seg ikkje å fungera tilfredsstillande og den nasjonale satsinga på kulturminnevernet er altfor svak.”

Pkt. 1: Mål, strategiar og innsatsområde.

”Me sluttar oss til utgreiinga sine mål for ny kulturminnepolitikk. Me vil koma med fylgjande merknad til pkt. 5 ”*Dei økonomiske rammene står i forhold til oppgåvene*”:

Den største utfordringa i eit aktivt og framtidsretta kulturminnevern er den økonomiske satsinga og me er glade for at utgreiinga peikar på behovet for å styrka dei offentlege økonomiske verkemidlane. Me vil likevel peika på at målet i pkt. 5 ikkje kan nåast utan ei betydeleg større satsing enn det vert lagt opp til i utgreiinga. Me vil peika på Riksantikvaren sin behovsanalyse frå

2001 der prosjekt og oppgåver innan kulturminnevernet i tida 2002-2005 er berekna til å kosta kr 1,9 mrd kroner, dvs. 400-550 mill. kroner pr. år. Dette beløpet må koma i tillegg til dagens ordningar.

Me er einige i at det vert satsa på ulike økonomiske verkemiddel for å fanga opp mangfaldet i kulturminnevernet. I hovudsak skal det offentlege satsa gjennom tre ordningar.

1. Tilskotsordningane gjev staten høve til å styra bruken av ressursar. På bakgrunn av kulturminnefaglege innspel skal staten sjå til at mangfaldet og faglege omsyn vert godt ivaretekne. Staten må ta det særlege ansvaret for freda kulturminne og kulturmiljø. **Det er difor svært viktig å auka dei statlege tilskotsordningane betydeleg.**
2. Det er svært positivt at det vert oppretta eit kulturminnefond. Fondet si målsetjing om å stimulera til ulike kulturminnetiltak og aktivitetar regionalt og lokalt, er god. **Satsinga på kulturminnefondet er likevel så altfor svak, fondet bør aukast betydeleg ut over den årlege avkastninga som er føreslege til 100 mill pr. år. Avkastninga bør vera minimum kr 400 mill. pr år.**
3. Me ser positivt på at det vert eigne reglar i skatte- og avgiftspolitikken som fremjar satsinga på kulturminnevernet. Dette har særleg stor betydning for private eigarar.

Utgreiinga seier for lite om dei økonomiske utfordringane til drift av ulike kulturminne. Ein del kulturminne vil aldri ha eit inntekspotensiale som kan dekkja drifts- og vedlikehaldskostnadene.”

Ei klarare **prioritering** av kva som skal vernast og kva som skal fredast er viktig! Kva er hensikten med å frede kulturminner og deretter la det forfalle av mangel på ressursar, fagleg oppfylgning eller engasjement. Det vil vera å restaurere til nytt forfall!

Midlar til drift, ivaretaking av handlingsboren kunnskap og kulturminnets funksjon, er avgjerande for om mange kulturminner i kommunane vert helde vedlike og verna i framtida.

Pkt. 2. Korleis leggja til rette for aktiv bruk og ivaretaking av mangfaldet i kulturarven.

”Det er positivt at utgreiinga legg sterk vekt på samspelet mellom menneske og kulturminne.

Utgreiinga er for lite tydeleg på grunnlaget for dei prioriteringane som må liggja til grunn for ein framtidig bevaringspolitikk.

Desentralisering av mynde til kommunenivået kan føra til auka engasjement og kunnskap på det lokale planet.

Kulturminnearven innan både produksjonslivet, kommunikasjonstilhøva og arbeidsprosessar må få ein meir sentral plass for å skapa forståing for utviklinga av det moderne Norge.

Me saknar ei drøfting av dei immaterielle kulturminna.”

Frivillige og organisasjonar som tek ansvar for og som nyttar si tid på å ta vare på og formidle kulturminna lokalt må i større grad honorerast for sin innsats. Det må oppmuntrast til eit slikt engasjement gjennom eit enklare byråkrati og årleg tilskot/driftsmidlar slik at det vert gjeve reell støtte og ikkje berre stilt krav til frivillige som tek slike initiativ.

Pkt. 3. Kulturminne og kulturmiljø som grunnlag for verdiskaping.

”Det er svært viktig å sjå på samspelet mellom kulturminne og verdiskaping. Me viser igjen til pkt. 5 i målsetjinga og peikar på behovet for samsvar mellom dei økonomiske rammene og dei oppgåvene som skal forvaltaast. Dei økonomiske verkemidlane må styrkjast slik at grunnlaget for vidare satsing på verdiskaping er realistiske. I dette perspektivet vert vern gjennom bruk viktig.”

Det må fokuserast sterkt på bruk av kulturminner som **grunnlag for næringsutvikling** i distrikta– berre gjennom slik bruk kan kulturminner konkurrere med anna utvikling i små kommunar, og ein kan klare å sikra kulturminna i langt større grad. Det må utarbeidast system for at dette kan fungera i samsvar med alle dei krav til bruk og vedlikehald av kulturminne. Utfordringa her vert å lage system (organisatoriske og ressursmessig) som gjev brukarar og forvaltarar høve til å formidle og bruke kulturminna lokalt.

Pkt. 4. Eigarane og brukarane si rolle og situasjon i kulturminnevernet.

”Mange kulturminne forvaltaast av private eigarar. Den beste forvaltninga vil ein oppnå når det offentlege og eigarar spelar på lag. Det er positivt at eigarane si rolle er så grundig diskutert i utgreiinga. Igjen vil me peika på pkt. 5 i målsetjinga og hevda at dei økonomiske rammene til eigarane er avgjerande for god forvaltning av kulturminna.”

Nye måtar å organisera kulturminnevernet og betring av dei økonomiske rammevilkår er ikkje viktig berre for å stimulera til frivillig innsats, men det er heilt avgjerande for framtidig sikring og ivaretaking av dei ulike kulturminna.

Eit konkret døme:

Herand oppgangssag vart freda i 1986 grunna trugsmål om riving i samband med næringsutvikling. Restaureringsarbeidet vart avslutta i 1992 og saga er istandsett til drift, dokumentasjon og formidling av handverkstradisjonar.

Saga i Herand kunne likevel lett blitt eit døme på restaurering til nytt forfall.

Grunna engasjement frå frivillige er det no skipa ei Stifting for oppgangssaga i Herand og det er privat innsats knytt til formidling og drift.

Handverkar kompetansen bør vidareførast gjennom ein stilling knytt til Hardanger folkemuseum, sagmeisterstilling, som og kan ivareta vedlikehald og drift.

Pkt. 5. Partnerskap og samarbeid

”Private og offentlege museum er ressursar i kulturminnevernet. Det er viktig å bevisstgjera behovet for samarbeid mellom frivillige og offentlege instansar.”

Pkt. 6. Kompetanseoppbygging og utdanning

- ”Registeret KUBA må på plass snarast.
- I kulturminnevernet er det objekta som har stått i fokus så langt, ein ny kulturminnepolitikk må leggja meir vekt på dei arbeidsprosessane og teknikkane som trengst for å vedlikehalda og driva dei objekta ein har funne verneverdige. Slik menneskeleg erfaringskunnskap kan vanskeleg rekonstruerast dersom den blir borte, skal den haldast i live må nokon utøva faga og føra kunnskapen vidare til nye generasjonar. Ein viktig del av kompetanseoppbygginga innanfor kulturminnevernet bør omfatta opplæring i og vidareføring av slik handboren kunnskap. Å sikra dette kunnskapsmessige mangfaldet har verdi i seg sjølv, samstundes som det er ein føresetnad for ei levande kulturminneformidling.

- Det må byggjast opp regional kompetanse, gjerne knytt til musea eller andre kulturminnefaglege miljø.
- For å auka bevisstgjerings omkring kulturminnevernet er skulen si rolle avgjerande. Me er nøgde med dei framlegga som kjem fram i utgreiinga på dette punktet. Her må det arbeidast vidare gjennom utdannings- og forskningsdepartementet.
- Det er bra å leggja til rette for ulike etter- og vidareutdanningstilbod. Likevel må det satsast sterkare på oppbygging av spisskompetanse og fordyping på hovudfagsnivå. Det er viktig at kompetansekrava ikkje vert senka.”

Pkt. 8. Kommuneprosjektet.

”Dersom ansvar i større grad enn no skal desentraliserast til kommunane må det vera på fylgjande vilkår:

- Rammer, kompetanse og ressursar må vera avklara **før** ei evt. overføring av ansvar og mynde til kommunane.
- Det må utarbeidast faglege rettleiarar for arbeidet med kulturminnevernet i kommunane.
- I visse situasjonar kan det oppstå konfliktar mellom behovet for vekst i kommunane og bevaring av kulturminne. Når konfliktar på dette området ikkje vert løyste lokalt, må det framleis vera ein kontrollinstans utanom kommunane for å sikra at kulturminnefaglege omsyn vert ivaretekne.
- Det må etablerast utdanningstilbod innan kulturminnevernet snarast. Kommunane må få overført midlar til kompetansebygging og til kjøp av kompetanse frå kulturminnefaglege instansar.
- Det må byggjast opp regional kompetanse gjerne knytt til musea eller andre kulturminnefaglege miljø.
- Det må oppmuntrast til ulike interkommunale ordningar.
- Det lokalpolitiske avsvaret i kulturminneforvaltninga må tydeleggjerast.”

Pkt. 9. Særlege merknader frå Hardanger.

”Me vil peika på nokre særlege utfordringar for vår region:

Mellomalderkyrkjene: Ein del kommunar har store utfordringar i å ta vare på kulturminneobjekt frå mellomalderen, særleg gjeld dette mellomalderkyrkjene. Desse har nasjonal verdi og det bør vera eit nasjonalt ansvar å sikra og vedlikehalda desse.. Det må utarbeidast statlege ordningar for vedlikehald, gjerne gjennom spesifikke tilskotsordningar.

Bygningsvern: Hardanger folkemuseum har over fleire år bygt opp ein brei kompetanse innan bygningsvern og restaurering av bygningar og gjenstandar. Museet fungerer i dag som rådgjevar ovafor både kommunane og privatpersonar i heile regionen i kulturminnesaker. Hardanger har på denne måten eit godt grunnlag å byggja vidare på, men det er ein føresetnad at det vert tilført større ressursar dersom museet sine oppgåver vert utvida.

Kulturminnevernet og kulturlandskapet: Skal kulturminne og kulturmiljø takast vare på, må og kulturlandskapet haldast i hevd. Dette er svært synleg og sentralt i Hardanger der dei no veldrivne gardane er ein vesentleg del av det turistprosjektet vår region er kjent for. Utvikling av kulturlandskapet heng nært saman med rammevilkåra for dagens landbruk. Det er difor viktig å oppretthalda eit småskalalandbruk om ikkje kulturminna skal forsvinna i attgrodde lier.

Ulike tilskotsordningar innan kulturminnevernet og landbruket må samordnast.

Fartøyvern og teknisk industrielle kulturminne: Sjølv om utgreiinga opererer med ein vid definisjon av kulturminne/kulturmiljø, verkar det likevel som om utvalet har hatt dei klassiske kulturminna i tankane når dei har vist til døme og aktuelle tiltak. Dei spesielle utfordringane ein står ovafor når det gjeld vern av tekniske kulturminne som industrianlegg og kommunikasjonsmidlar, blir i liten grad kommentert. Dei prioriterte teknisk-industrielle kulturminna må få ein mykje meir sentral plass i den nye kulturminnepolitikken.”

Det same gjeld dei flytande kulturminna som også har fått liten plass i utgreiinga, dette sjølv om det synest vera brei semje om at dette er ein type objekt som lenge har vore forsømt av det offentlege kulturminnevernet. Å setja i stand, vedlikehalda og driva eit fartøy er svært ressurskrevjande, særleg i dei tilfella der ein legg vekt på å halda ein høg antikvarisk standard. I mange tilfelle vil ikkje inntektene frå driftsopplegget, sjølv i kombinasjon med eigeninnsats, sikra dei naudsynte inntektene. Her er det naudsynt at det offentlege går inn med faste driftstilskot slik det vert føreslege i Riksantikvaren sin fartøyvernplan for perioden 2002.2006. Istandsetjing og drift av eit fartøy føreset ikkje berre økonomiske midlar, men at den naudsynte kompetansen er tilgjengeleg. Dette føreset at ein styrkar og sikrar fagmiljø der dei maritime handverka vert haldne i hevd.”

For ei fredda oppgangssag er det særleg tre element som må vurderast og fylgjast opp:

- ❑ Ivaretaking av handlingsboren kunnskap: overføring av driftsmidlar og lønsmidlar til ein sagmeister.
- ❑ Kontinuerleg vedlikehald for å ivareta verneaspekt gjennom bruk og drift. Det er aktuelt å nytta oppgangsskore materiale til restaureringsarbeid på t.d. Bryggen i Bergen og slik kan ein gjennom ivaretaking av eit teknisk-industrielt kulturminne og ivareta andre kulturmiljø og minne.
- ❑ Dokumentasjon og formidling av historia dette teknisk/industrielle kulturminne fortel.

Oppsummering:

”Når det gjeld kulturminne, er Hardanger på mange måtar eit Norge i miniatyr med stort mangfald og spennvidde. Her er svært mange kulturminne og me er opptekne av å sikra og vidareutvikla desse og finna gode og funksjonelle administrative løysingar for eit godt kulturminnevern.

Det er både grunnlag for og ynskjeleg å utvikla ulike prøveprosjekt og modellar for ein ny nasjonal kulturminnepolitikk i Hardanger.”

Utan større økonomisk satsing, vil ein ikkje berre ha tapt ressursar i form av års utredning, mangle ressursar til å gjennomføre ein ny kulturminnepolitikk – men kulturminne og miljøer rundt i kring i kommunane vil i løpet av nær framtid gå tapt.

Saka vert avgjort av: Formannskapet.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANN:

Jondal kommune ser positivt på at høyringsuttalen er samordna i regi av Hardanger Kulturråd og vil tilrå at Hardangerregionen sitt faglege samarbeid og tyngden bak uttalen gjev resultater i tråd med dei signal som er sendt.

Det er stort behov for større økonomisk satsing og styrking av kommunane sin økonomi, kompetanse og kunnskap for å klare å fylgja opp den kulturminnepolitikken det er lagt opp til gjennom NOU 2002:1 Fortid formar framtid.

27.06.2002 FORMANNSKAPET

FS-070/02 SAMRØYSTES VEDTEKE:

Jondal kommune ser positivt på at høyringsuttalen er samordna i regi av Hardanger Kulturråd og vil tilrå at Hardangerregionen sitt faglege samarbeid og tyngden bak uttalen gjev resultater i tråd med dei signal som er sendt.

Det er stort behov for større økonomisk satsing og styrking av kommunane sin økonomi, kompetanse og kunnskap for å klare å fylgja opp den kulturminnepolitikken det er lagt opp til gjennom NOU 2002:1 Fortid formar framtid.